

## Referat frå møte om revisjon av konsesjonsvilkåra for Sundsbarm, Seljord 20.2.2013.

Det var møtt fram 3 av grunneigarane ved Sundsbarm, inkludert representant for veglaget. I tillegg møtte Magne Wraa frå Sundsbarm kraftverk, Anita Cecilie Krikevold frå Midtre Telemark vassområde, Jørn Ingar Sanda frå Seljord kommune og Helge Kiland frå Faun Naturforvaltning.

Møtet blei leia av Helge Kiland, som innleiingsvis orienterte om vilkåra for å få godkjent opning av revisjonssak og kva for retningslinjer som gjeld for vilkårsrevisjonar.

Sjekkliste for innspel om allmenne interesser i vilkårsrevisjonar blei gjennomgått. Det er notert følgjande merknader:

- Utvasking og erosjon i strandsona gjer det vanskeleg å kome ut med båt. Det er vanskeleg å kome til med båthengar til det båthuset som er bygd, og etter at skinnene med tralla som skulle brukast til å få båtane ut i vatnet er fjerna er det vanskeleg å få sett ut båt, særleg ved låg vasstand. Det er ønskje om å få etablert nytt båtutsett med betongdekke ned til LRV som gjer det mogleg å rygge ned med tilhengar sjølv om vasstanden er låg. Utsettingsstaden skal vera open for alle. Det er behov for båtutsett også andre stader i vatnet.
- Erosjon langs strendene opp mot "Millionvegen" gjer det vanskelegare å kome ned til vatnet for dei som brukar vegen som turveg. Vegen er til vanleg stengt, og han er derfor populær for dei som vil gå eller sykle. Det er ikkje ønskje om å opne vegen for alminneleg biltrafikk. Delar av vegen blir karakterisert som rasfarleg. Vegen er bygd som konsesjonsveg, der Sundsbarm kraftverk tok på seg vedlikehaldet dei fyrste 5 åra. Det blei reist spørsmål om kva ansvar kraftverket har for vegen i dag. Det blei vist til at ein ved relativt beskjedne bidrag frå kraftverket si side hadde vore i stand til å få utført mykje vedlikehald.
- Det er reist spørsmål om konsesjonsvegar også i revisjonssaka for Tokke-Vinjekonsesjonen, der det er eit par slike vegar i Botnedalen. Konsesjonen på kraftverket å bygge veg tilsvarande skogsbilvegstandard kl. III. Statkraft meiner spørsmålet er avgjort ved skjønn (overskjønn), og at resultatet var at vegane blei overdregne til grunneigarane. LVK har også vurdert spørsmålet, og Tokke kommune har bedt NVE om ei avklaring. Det ser ikkje ut til ein kan vente noko avklaring verken på dette eller andre spørsmål før NVE skal lage innstilling etter at revisjonsdokumentet har vore ute til høyring.
- Det var ønskje om å få redusert tilgroinga langs Millionvegen, slik at det blir lettare å sjå vatnet og kome ned til det.
- Det blei reist spørsmål om steintippar, om eigarskap, fare for miljøfarleg avfall osv. Seljord kommunen har fått høve til å nytte massane frå tippen i Kivledalen, og ca 2/3 av tippen er nå borte. Magne Wraa meinte det ikkje var fare for at det kunne vera miljøfarleg avfall i tippen.
- Det blei reist spørsmål om kraftliner også er ein del av konsesjonen. Linjenettet er bygd etter eigne konsesjonar og vil ikkje bli vurdert i vilkårsrevisjonen.
- Ein reknar med at NVE vil gi pålegg om forsterking/plastring av dammar, men det vil neppe skje med det fyrste.

- Fiskebestanden i Sundsbarm består av aure, røye og stingsild og/eller ørekyt. Etter regulering har det også kome tryte frå Nystølvatn. Tryta utgjer eit stort problem, og det er sett i gang eit tynningsfiske på tryta. Grunneigarane (fiskelaget) ønskjer å samarbeide med Sundsbarm kraftverk om å heve vasstanden i gytetida for tryta om våren, for deretter å senke vatnet slik at mykje av rogna blir øydelagt.
- Overtette fiskebestandar og kultivering av fisket er grunneigarane sitt ansvar. Sundsbarm kraftverk kan av Fylkesmannen påleggast nye fiskeundersøkingar. Det blei uttrykt bekymring for det tidlegare så gode fisket etter røye. Det blei også spurt om kor mykje fisk som passerer sperregitteret og hamnar i tunnelen til Sundsbarm kraftverk.
- Det er kjent at regulanten i visse konsesjonar er pålagt ansvar for oppsyn i anleggstida.
- Merking av skjer og grunnar av omsyn til båttrafikken blei etterlyst. Vinterstid er det viktig å merke område med usikker is. Drivved og lause røter frå reguleringssona samlar seg i buktene og må samlast opp og fjernast.
- Ein reknar ikkje med at det er behov for vidare arkeologiske undersøkingar. Det må i så fall fylkeskommunen/riksantikvaren avgjera. Det er forslag om ei ordning der regulantane betalar inn til eit fond som kan dekke slike undersøkingar.
- Vassførekomstar som etter vassforskrifta blir karakterisert som under risiko for ikkje å nå målet om minst god økologiske tilstand bør undersøkast og tilstanden overvakast gjennom eit overvakingsprogram som vil bli etablert for Midtre Telemark vassområde. For reguleringsmagasin gjeld eigne miljømål, idet ein ikkje kan rekne med at slike vassførekomstar vil kunne få god økologisk tilstand.

21.2.2013.

Helge Kiland